

SAFO Sørvest

Dykkar ref.

Vår ref.  
23/2214-4Dato:  
15.06.2023

## No kan de nominere kandidatar til råd for personar med funksjonsnedsetjing i Øygarden 2023 - 2027

Det skal velgast nytt råd for personar med funksjonsnedsetjing for kommunestyreperioden 2023 - 2027. Organisasjonar som representerer personar med funksjonsnedsetjing har rett til å fremme forslag om medlemmar, medan det er kommunestyret som vedtar samansetninga av rådet. Vi håper at dykkar organisjon vil foreslå samfunnsengasjerte og motiverte kandidatar! Invitasjonen kan om ynskjeleg delast med andre.

### Krav til nominasjon

Det er ikkje avgrensingar i kor mange kandidatar de kan foreslå. Rådet treng også varamedlemmar, og det kan verte aktuelt med suppleringsval dersom nokon må trekke seg eller får fritak.

Vi vil difor oppmode om at de foreslår alle dei kandidatane de tenker vil passe til vervet, men at de prioriterer dei som vert foreslått. Vi vil og be om at de begrunnar nominasjonen av kvar einskild kandidat, med informasjon om til dømes alder, yrkeserfaring, interessefelt, og annan kompetanse som vedkommande kan bringe inn i rådet.

Før de foreslår kandidatar ber vi om at kandidatane har fått informasjon om kva vervet ev. vil innebære, og har samtykka til dette!

### Krav til kandidatar

Det må vere minst 40% av kvart kjønn på medlemslista og varamedlemslista, og rådet bør vere breidt samansatt med tanke på bl. a. alder og bakgrunn. Dette må ikkje de ta omsyn til, men det kan vere greitt å vere klar over. Det er elles ikkje eit krav at kandidatar skal vere busette i kommunen, men ettersom rådet arbeider med kommunale tilhøve vil det nok vere ein fordel med kjennskap til Øygarden kommune. Det er ikkje krav om at representantane som blir valde til rådet sjølve må ha funksjonsnedsetjing.

**Besøksadresse**  
Øygarden rådhus  
Foldnesvegen 1  
5354 STRAUME

**Postadresse**  
Ternholmvegen 2  
5337 RONG

**Kontonummer**  
1506.24.29981  
**Organisasjonsnummer**  
922 53 0890

**E post**  
[postmottak@oygarden.kommune.no](mailto:postmottak@oygarden.kommune.no)  
**Telefon**  
56 16 00 00

Det som er viktig, er at vedkommende er motivert til å gjere ein innsats for personar med funksjonsnedsetjing i kommunen! I tillegg til motivasjon bør dei nominerte ha evne til å sette seg inn i nye område og saker, og ha tid og evne til å førebu seg til møta, og sjølvstilt stille i møta. Vi gjer merksam på at møta vil foregå inananfor normal arbeidstid, slik at ev. kandidatar det er relevant for bør vere villige til å nytte seg av retten til fri frå arbeidsgjevar for å ta del i møta (jf kommunelova § 8-2).

Ein treng ikkje ha politisk erfaring eller liknande. Opplæring vil bli gjeve.

### **Om råd for personar med funksjonsnedsetjing og rådsarbeidet**

Råd for personar med funksjonsnedsetjing er eit rådgjevande organ for kommunen.

Personar med funksjonsnedsetjing er ofte underrepresenterte i demokratiske fora, og råd for personar med funksjonsnedsetjing skal vege opp for dette. I hovudsak vert dette gjort ved at rådet får høve til å uttale seg om politiske saker som gjeld tilhøva for personar med funksjonsnedsetjing i kommunen, før det vert gjort vedtak i saka i øvrige politiske organ. Rådet kan også ta opp saker på eige initiativ.

Det meste av arbeidet foregår i offentlege og noko formelle møte. Ein kan rekne med at det vert om lag sju møte i året, og ein må også rekne med at det går med ein del tid til å førebu seg til møta ved å lese sakspapir og gjere seg opp meiningar om sakene. Medlemmane får gjerne også høve til å ta del i ulike medverknadsarrangement og arbeidsgrupper i regi av kommunen.

Informasjon om fungerande råd (inkludert sakspapir og medlemsoversikt) finn de på [kommunen sine nettsider](#).

Nominasjonar, samt ev. spørsmål og andre henvendelar, kan sendast til [postmottak@oygarden.kommune.no](mailto:postmottak@oygarden.kommune.no) innan **17.09.23**, eller ring ev. sentralbordet på 56 16 00 00 som så vil sluse dykk vidare. Underteikna er kontaktperson, og dessutan sekretær for rådet.

Med helsing

Marielle Solheim  
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur

Kopi til			
Ffo Øygarden	c/o Morten Pedersen	5360	Kolltveit
	Molltveitleitet 14		
Samarbeidsforumet Av	Postboks 8953	0028	Oslo
Funksjonshemmedes	Youngstorget		
Organisasjoner (safo)			